Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hetland

Emne: Skav | Bygdelag: Riska sokn.

Oppskr. av: Andreas Ropeid | Gard:

(adresse): | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Erling Skjörestad, f. 1896 på Skjörestad. Bonde.

SVAR

Idag ser ~~byg~~ Riska-bygda „skogkledd" ût, men det er noko nytt. E.S. har tala med ei kone som kom til Riska-garden for omlag 80 år sidan, og då fanst det ikkje eit tre der. Idag er gardane der skogkledde.
E.S. veit ikkje om nokon som har skave; men på Li stod det før nokre askestuvor, og det vart sagt at dei hadde vore brukte til skaving. Han rekna med at det hadde vore meir skaving aust i Riska.
I det siste hadde E.S. skave ein del rogn og selja, men kyrne ville ikkje ta skavet. Dyrlækjar Anfinnsen på Sandnes hadde rådd han til å nytta skav mot husmannssykja. E.S. hadde höyrt at dyrlækjar Smith i Stavanger og hadde gitt slike råd.

14034